

Reglement for folkevalte sin innsynsrett i saker som er under handsaming.

1. Heimel

I hht. kommunelova § 40 nr. 5, skal kommunestyret vedta reglement for folkevalte sin innsynsrett i saksdokument og i saker som er under handsaming.

2. Kommunestyret og andre folkevalte organ sin rett til innsyn i dokument

Kommunestyret har som overordna organ for heile den kommunale forvaltninga rett til innsyn i alle kommunale saksdokument, med de presiseringar som følgjar av reglene nedanfor.

Formannskapet og faste utval har rett til innsyn i saksdokument som omfattar dei deler av kommunen si verksemd som ligg innanfor organet sitt virkeområde. I tillegg kan desse organa krevje innsyn i dokument innanfor andre delar av verksemda når dette er nødvendig for vedkommande organet si handsaming av ei konkret sak.

3. Vedtak om innsyn

Medlem og varamedlem av folkevalt organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som handsamast i vedkommande organ.

Minst tre medlemmer i kommunestyret kan krevje innsyn i alle kommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn er inne, sjå nedanfor. Ordføraren har ein sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarende grunnlag.

Formannskapet, faste utval og andre folkevalte organ kan vedta innsyn for sin bruk i andre organ sine saksdokument når minst 1/3 av medlemmene stemmer for det.

4. Tidspunktet for rett til innsyn

Retten til innsyn tek til å gjelda frå når saka er framlagt/utsendt til politisk handsaming.

For saker som blir avgjort av administrasjonen gjelder retten til innsyn først frå det tidspunkt saken er ferdig handsama.

5. Særreglar for innsyn i opplysningar underlagt teieplikt m.m.

I utgangspunktet omfattar ikkje folkevalte sin rett til innsyn opplysningar som er underlagt teieplikt. Kommunestyret og andre folkevalte organ kan likevel ved fleirtalsvedtak krevje innsyn i opplysningar underlagt teieplikt når det er klart behov for dette ved handsaminga av ein konkret sak, jf. forvaltningslovens § 13b nr. 2 og 4.

Folkevalte har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov.
Medlem av folkevalte organ underteiknar teieplikterklæring.

Når ei sak blir handsama for lukka dører, jf. kommunelovens § 31, skal det ikkje orienterast eller refererast frå forhandlingane.

6. Framgangmåten ved krav om innsyn

Krav om innsyn i saksdokument skal handsamast straks. Kravet skal fremjast skrifteleg og rettast til rådmannen. Kravet skal svarast på så raskt som praktisk mogeleg. Om mogeleg skal det ved innlevering av kravet orienterast om når svar vil ligge føre.

7. Iverksetjing

Dette reglementet gjeld frå det er vedteke av kommunestyret.

